



Statens vegvesen

LINDÅS KOMMUNE
KVERNHUSMYRANE 20
5914 ISDALSTØ

Behandlende enhet:
Region vest

Saksbehandler/telefon:
Silje Ulriksen Lyngstad /
91816688

Vår referanse:
16/11830-12

Deres referanse:

Vår dato:
09.01.2017

Varsel om utvida plangrense

Fv. 57 Skodvin – Vågseidet. Gang- og sykkelveg

Plan ID 1263-201406

Statens vegvesen utarbeider i samarbeid med Lindås kommune reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs Fv. 57 frå Skodvin til Vågseidet. Varsel om oppstart av planarbeidet vart sendt ut i januar 2015. Under arbeidet med planen er det avdekt trong for utviding av oppstartsgrensa på nokre delar av strekninga. Varselet sendast ut til alle partar innanfor planområdet, også dei som vart varsla i 2015.

Skildring av prosjektet

Det manglar i dag tilbod for gåande og syklende på strekninga Skodvin – Vågseidet. Dagens gang- og sykkelveg mellom Konglevoll og Skodvin montessoriskule vert i planen forlengja mot nord til Vågseidet bussnuplass, for å tilby ei samanhengande og trafikksikker løysing for mjuke trafikantar langs Fv. 57. Planen vil ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing etter kap. 4 i plan- og bygningslova.

Ny varslingsgrense er vist på vedlagt kart. Utvidinga av planområdet gjelder i hovudsak trong for anleggsbelte, plass for justering av åtkomstvegar. I tillegg er det ynskjeleg å regulere heile krysset ved Vågseidet. Det er og aktuelt å regulere delar av postvegen som han ligg i dag. Når tiltaket er detaljteikna vil planområdet verte innskrenka.

Denne varslinga gjeld berre dei områda der plangrensa er utvida. For resten av planen vil merknadane frå oppstartvarslinga i 2015 følge saka.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Frist for merknader

Vi ber om at de sender merknader eller andre relevante opplysningar til oss innan **7. februar 2017**. Send det til oss skriftleg, anten med e-post til:

firmapost-vest@vegvesen.no

eller med vanleg post til:

*Statens Vegvesen Region Vest
Askedalen 4
6863 Leikanger*

NB: Merk brevet eller e-posten med saksnummer 16/11830.

Etter at fristen for å kome med merknader er gått ut, vert merknadene oppsummert og kommentert av Statens Vegvesen, før planforslaget vert sendt til kommunen for handsaming. Mottekne merknader vert ikkje svara på direkte, men vert omtala i planskildringa og teke med vidare i planarbeidet.

Vi kjem i samband med høyring av planen til å halde kontordag i Lindås der vi svarar på spørsmål om planen. Dette vert annonsert i aviser og ved oppslag.

Aktuelt regelverk

Dette varselet er sendt ut i samsvar med plan- og bygningslova § 12-8. Planen vert utarbeidd etter §§ 3-7 og 12-3.

Ta gjerne kontakt

Dersom de har spørsmål om planarbeidet, kan de også kontakte Silje Ulriksen Lyngstad på telefon 91816688 eller e-post (silje.ulriksen.lyngstad@vegvesen.no).

Vedlagt finn ein adresselista dette utvida oppstartvarslet er sendt til. Oppdagar ein feil eller manglar i ho, set vi pris på tilbakemelding om dette.

Statens vegvesen
Med helsing

Silje Ulriksen Lyngstad
Prosjektleder

2 Vedlegg